

Forvaltningsrevisjon av trygt og godt skolemiljø – rapport

Tilråding frå kontrollutvalet 27.05.2025

1. Kommunestyret tek rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon av trygt og godt skolemiljø i Øygarden kommune til etterretning.

2. Kommunestyret ber kommunedirektør sørge for å:

- A. Etablere system for å sikre at alle styringsdokument og prosedyrar blir jamleg gjennomgått, slik at ein sikrar at desse er oppdaterte og at det ikkje er tvil om kva føringar som er gjeldande.
- B. Utarbeide skriftlege rutinar knytt til gjennomføring av og oppfølging av resultat frå Elevundersøkinga, for å bidra til auka systematikk i det førebyggjande skolemiljøarbeidet.
- C. Sørgje for at det blir etablert system og rutinar for evalueringar av det førebyggjande skolemiljøarbeidet ved alle skulane.
- D. Sikre at det er tydeleg for tilsette korleis og når dei skal følgje med, gripe inn og melde frå, til dømes gjennom å tydeleggjere kva ein som tilsett bør vere særleg merksam på i samband med plikta til å følgje med, og gjennom utarbeiding av skulespesifikke rutinar som utdjupar kva rutinar som gjeld på den enkelte skule når det gjeld plikta å melde frå.
- E. Tydeleggjere ansvarsfordeling og roller knytt til aktivitetsplikta og skjerpa plikt.
- F. Etablere tydelege føringar i skriftlege rutinar for kor raskt undersøkingar i medhald av aktivitetsplikta skal bli sett i verk og gjennomført, og kor raskt eventuelle tiltak bør setjast i verk.
- G. Oppdatere skriftlege rutinar for skjerpa plikt til melde frå dersom ein som arbeider på skulen, krenkjer ein elev, samt gjere tilsette ved skulane kjende med desse.
- H. Sikre at alle aktivitetsplanar oppfyller minstekrav i opplæringslova § 12-4 tredje og fjerde ledd

3. Kommunestyret ber kommunedirektøren utarbeide handlingsplan til kontrollutvalet innan 20.08.2025 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgje opp pkt. 2 i vedtaket, når tiltaka skal setjast i verk, status i arbeidet og kven som skal ha ansvar for iverk